



TYSNES KOMMUNE

Rådmannskontoret

Rådhuset

5685 UGGDAL

Telefon 53 43 70 15

Telefaks 53 43 70 11

UGGDAL, 11.05.2015

<i>Saksnr.</i>	<i>Dok.nr</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sek/Saksh</i>	<i>Dykkar ref.</i>
12/322-26	3239/15	020	FSK/FEL/ANTE	

MØTEREFERAT 21. APRIL 2015

Det vart halde møte i eldrerådet tysdag 21. april 2015 kl. 13.00 i rådhuset.

Desse møtte:

Freddy Jensen
Erna Drange
Helge Hauge

Reidun Sellevåg møtte ikkje.

Anne Lise Holmelid hadde meldt forfall og Sigmund Meland møtte som vara.

Elles møtte prosjektsjef Ivar Erstad under handsaming av sak 2, og helse- og sosialsjef Hildur Heie og Ergoterapeut Britt Rage under sak 1 og 2. Anders Teigen møtte som sekretær.

Sak 1 – Hjelpemiddelsentralen – informasjon frå helse- og sosialkontoret

Det vart informert om m.a.:

- Hjelpemiddelsentralen ligg på Kokstad, Bergen.
- Hjelpemiddel er ikkje berre brune- og kvitevarer
- Ved fast institusjonsplass er det sjukeheimen som held hjelpemiddel til brukaren
- Hjelpemiddel er del av ein heilskap der målet er at brukaren skal bli meir sjølvhjelpen, og der ein først ser på enkle løysingar
- Kommunen har basisansvaret, medan Nav også er ein aktør
- Hos oss er Tysnes Industri fast mottaksstad for hjelpemiddel
- Tysnes kommune kjøper såleis tenester frå Tysnes Industri
- I 2014 var det 429 aktive hjelpemiddelbrukarar i Tysnes
- Ergoterapeut administrerer hjelpemiddelordninga
- Det er t.d. mogeleg å få låna dørterskel eliminatorar heime, medan dei som treng å få fjerna dørtersklar må betala for dette sjølve

Sak 2 – Ny sjukeheim – status

Prosjektsjef Ivar Erstad informerte om prosessen så langt og status pr i dag.

I noverande sjukeheim er det 39 sengeplasser, medan ny sjukeheim får 30.

Det skal sendast ut førespurnad for å finna kvalifiserte tilbydarar. Det vert open anbodskonkurranse med forhandling, der det kan gjevast alternative tilbod. Det vert total entreprise der tilbydar må prosjektera.

Det er planlagt oppstart før nyttår.

Det er teke omsyn til universell tilkomst, samt lagt ned arbeid med å få til både turstigar og sanseshage.

Prosjektsjef gjekk elles gjennom teikningane, både fasade og plan/romprogram.

Ymse

Her tok Sigmund Meland opp frisørteneste på sjukeheimen, og særleg dette med prisliste og gebyr.

Møtet slutt kl. 15.00